



Arild Hansen
Jonsokgrenda 4
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10976 - 20/39705

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
24.06.2020

Løyve til fasadeendring - gbnr 323/164 Frekhaug

Administrativt vedtak:	Saknr: 666/20
Tiltakshavar:	Arild Hansen
Ansvarleg søkjar:	Arild Hansen
Søknadstype:	Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til fasadeendringar på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast ihht. redegjørelse og teikningar vedlagt søknad mottaken 05.06.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for Arild Hansen for ansvarsområdet tømmerarbeid.

Tiltak

Saka gjeld søknad om fasadeendringar på einebustad. Arbeidet omfattar innsetting av 3-delt vindaug i fasade mot sør-aust samt innsetting av ny altandør mot sør- vest.

Det vert elles vist til søknad mottaken 05.06.2020.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.06.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Frekhaug er definert til bustadar.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Det er gjeve fritak frå krav om nabovarsling.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

Ansvar

Tiltakshavar har søkt om personleg ansvarsrett som sjølvbygger for tiltak på eigen bustad.

VURDERING:

Plassering

Tiltaka vert godkjent utført slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv , bygde omgjevnader og plassering.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/10976

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Arild Hansen

Jonsokgrenda 4 5918

FREKHAUG